

Bjelland-huset totalskada av brann

29.05.2011



Huset var overtent då brannfolka kom

Eit bustadhus i sentrum, det såkalla Bjelland-huset, vart totalskada av brann som vart meldt klokka 6,25. Dei to som budde i huset og eig det, ei 88 år gammal kvinne og sonen hennar på 49 kom seg uskadde ut i siste liten og vart tekne hand om av ambulansepersonell.



Slik står det brannramma huset i føremiddag

Huset vart bygd av skomakar Adolf Bjelland rundt 1950 og vart døypt Urheim etter Uraberget som ligg bak..

Det hadde butikklokake i underetasjen og leilegheit over.

I underetasjen har det i seinare år vore elektroverkstad, men no var det inga verksemd der.

Branntroppen i Uskedalen rykka ut med 6 mann og var på brannstaden etter 10 minutter, men huset var allereie overtent og sto ikkje til å redde.

Det hjalp heller ikkje at Husnes brannvesen kom med 8 mann og utstyr.

Mannskapa måtte konsentrera seg om etterslokkinga.og også om vernet av ungdomslokalet Helgheim som er nabo.Dei sprøyta på det for å unngå spreiling av elden.

Det er berre få år sidan det brann ein bustad i dette området og då var det visse problem med vassforsyninga og kryssinga av vegen. med slangane. No var det ingen slike problem då vegen vart stengt.

Årsaken til brannen er det altfor tidleg å veta noko om. Overbetjent Sigurd Børve opplyser at undersøkjinga etter årsak startar mandag.

Det vart ellers opplyst i føremiddag at det sto etter måten bra til med dei to frå huset. Dei vart sendt til Rosendalstunet etter legesjekk på Husnes.

Vegen er opna att, men etterslokkinga kjem til å pågå utover sundagen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



vegen var stengt under brannen